

ORDENSREGLAR FOR LESJA SKULE

pr. juni 2019

Skulane i Lesja skal arbeide for at alle skal ha eit best mogleg læringsmiljø, der trygghet og trivsel er i sentrum. Ver derfor høfleg og vis omtanke og respekt for alle dei som er rundt deg, og ta ansvar for at utstyr og bygningar blir tatt godt vare på. Ein skal ikkje banne eller bruke ukvemsord, eller utøve krenkjande åtferd overfor nokon.

På Lesja skule skal elevane

- Halde orden i eigne skulesaker, i klasserommet og på skuleområdet.
- Følgje klassereglane.
- Vere ute i friminutta. Gangar og toalett er ikkje opphaldsrom. U-skulen har eigne reglar for vinterhalvåret.
- Vere innafor skulen sitt område, og i all hovudsak på området som høyrer til trinnet dei går på.
- Dersom ein har ærend utanfor skulen sitt område i skuletida, skal ein ha med skriftleg melding heimafrå i meldingsboka. 10.klasse kan gå på butikken onsdagar og fredagar.
- Snøballkasting/snøbasing er berre tillate på tilvist område.
- Følgje reglar for åtferd på skulevegen/skulebussen (utarbeidd av elevråda)
- Elevane skal ha melding heimafrå om dei ikkje kan delta i kroppsøving. Skulen kan be om melding frå lege.
- Bruk av brus, tyggegummi eller andre søtsaker er ikkje tillate i skuletida.

Det er forbode med bruk av tobakk og andre rusmiddel på skuleområdet og ved arrangement som skulen har ansvaret for.

Lesja skule er mobilfri skule. Mobiltelefon skal berre brukast når det er ein del av undervisninga, og skal elles vere i sekken/klasserom.

Det gjeld særskilte reglar for elevtilstellingar, bruk av svømmehall/ idrettshall/ garderobe og bruk av bibliotek.

NB! Dersom noko vert øydelagt, inne eller ute, må det straks meldast frå til kontoret eller kontaktlærar. Den/dei som er ansvarlege for skaden må reparere, eller betale skaden. Det er skilnad på hærverk og uhell.

Når skulen sine ordensreglar vert brote, kan følgjande refsingstiltak bli tatt i bruk:

- Påtale
- Melding heim
- Attsitjing etter skuletid
- Diverse arbeidsoppgåver
- Overføring frå klassa/gruppa for ein del av dagen/timen til ein anna aktivitet eller eit anna tilsyn.
- Bortvising. For ungdomsskuleelevar: inntil tre dagar. For elevar på barnetrinnet: for enkelttimar eller for resten av dagen. Rektor vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærar.

Før det blir teke avgjerd om større refsingstiltak, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. Heimen skal varslast snarast råd.

Ordensreglane gjeld så lenge du opptrer som elev på Lesja skule, og ikkje anna reglement er gjeldande.